

Udemokratisk, umoralsk og uakseptabelt.

Brått så dukka det opp ein sjakkklubb med 5 gonger fleire medlemmer enn nokon annan klubb har hatt dei siste 50 åra. Kanskje den største klubben i NSF's historie. Det skjedde så å seie over natta. Sentralstyret har bestilt ei juridisk betenkning som drøftar om denne klubben skal få stemmerett for 41 delegatar på årets kongress. Med respekt å melde må eg seie at betenkninga ser ut som eit bestilt partsinnlegg, og eg har nokre synspunkt.

Det blir hevda at det ikkje er uvanleg med gratis medlemsskap i NSF. Dette er feil. Det vanlege i NSF er at medlemmet melder seg inn i ein klubb, betaler kontingenten, og er dermed medlem i klubb, krets og forbund. Men det er rett at det ikkje er noko lovfesta krav i NSF om at medlemmet skal betale sjøl, men at kontingenten blir dekkja på andre måtar er unnatak. Det vanlegaste er vel «leiesoldatane», sterke spelarar som blir engasjert for å forsterke eit lag i seriesjakken, det kan også vere sosiale grunnar, eller at ein klubb med god råd har redusert kontingent. Sjøl er eg æresmedlem og har ikkje betalt kontingent på over 20 år. Men dette er unnatak. Og det er ikkje eit demokratisk problem. Men dette står fast: Fundamentet i NSF's medlemsdemokrati er det betalende medlemmet, dette er grunnlagt, tradisjonen og sedvanen.

Det som gjer saka med den nye klubben, Offerspill Sjakklubb (OS), til eit demokratisk problem er naturlegvis omfanget. Eg har forstått det slik at klubben brukte berre nokre timar på å verve tusen medlemmer med gratis medlemsskap mot at dei støtta klubbens syn på ei svært omstridt sak. Dette gjev 41 delegatar, på kongressen i fjor møtte det 43. Tusen medlemmer var grensa som av ein eller annan grunn var sett. Kva hadde hendt om det ikkje var ei grense? Er det usannsynleg at klubben hadde fått over 6051 medlemmer og dermed, med grunnlag i dei medlemstal som NSF har offentleggjort, fått absolutt fleirtal på kongressen? Demokratisk? Moralsk? Akseptabelt?

Mottrekket ville kanskje ha vore å stifte Posisjonsspel Sjakklubb og gi gratis medlemsskap til alle som støtter det motsette synet. Også den klubben ville heilt sikkert fått mange medlemmer, men det ville ha vore like udemokratisk og umoralsk.

Situasjonen er så fantastisk at NSF's lovverk ikkje gir klart svar på korleis vi skal handle, og da må vi bruke andre kompass. Vil du kjempe for ei sak i NSF så skal det vere med argument og ikkje lommeboka. Dette er den moralske sida av saka. Fundamentet for medlemsdemokratiet har eg alt gjort greie for, det er den demokratiske sida av saka.

For min del er løysinga enkel: Dei som har fått gratis medlemsskap i OS skal ikkje generere delegatar med stemmerett på årets kongress. Talet på delegatar frå OS vil da bli bestemt av talet på medlemmer som har meldt overgang frå andre klubbar. (Det er med sorg eg ser at mange av mine «eigne barn» er blant desse.) Ettersom eg for tida nyt tida på datsjaen i Skjåk og ikkje er på kongressen, vonar eg nokon vil foreslå dette. Og eg vonar også at den som opnar kongressen (president/generalsekretær?) har ryggrad nok til å bestemme at representantane frå OS ikkje får vere med å stemme over om dei skal få stemmerett. For å stemme må ein først få stemmerett.

Så til den omstridte saka: Om det er av interesse, så støttar eg fleirtalet i min klubb, SK av 1911, som stemmer nei til avtalen med Kindred. For det første fordi eg trur at vi i Noreg er best tent med den ordning for pengespel som vi har, med stort overskot til idrett og kultur sjøl om sjakken diverre får berre ein bitte liten del av dette (grasrotdelen), for det andre er det berre å lese innlegga frå f.eks. «Spillavhengighet Norge», «Blå Kors» og mange fleir, og for det tredje det juridiske problemet med å ha ein «sponsor» som ikkje kan vere

sponsor i Noreg, og til slutt mi fordomsfulle innstilling til milliardindustrien som Kindred representerer. Profitt, profitt, profitt.

Så kjære venner, ynskjer eg dykk ein god kongress. Motsetningane vil heilt sikkert være sterke, men det er mi tru at alle kjempar for det dei meiner er det beste for norsk sjakk. Så vår vi alle ta resultatet som det er når vedtaka er fatta, og halde fram med det gode arbeidet som best vi kan,

Johs. R. Kjekken

(medlem av SK av 1911)